



# Masfjorden kommune

## Innkalling av Formannskapet

**Møtedato:** 21.09.2017  
**Møtestad:** Møterom på sjukeheimen  
**Møtetid:** 11:00 - 12:00

Eventuelle forfall må meldast til Anne Kristin Rafoss per tlf. 56166291, sms til 90898072 eller per epost til [anne.kristin.rafoss@masfjorden.kommune.no](mailto:anne.kristin.rafoss@masfjorden.kommune.no)

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

### Saksliste:

- 079/2017 Godkjenning av innkalling og sakliste
- 080/2017 Godkjenning av møtebok
- 081/2017 Klage på avslag - avslag på søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel - Ytre Raunholmen - Erco Seafood
- 082/2017 Utbyggingsavtale Liarinden
- 083/2017 Finansrapportering pr. 2.tertial/31.08.2017
- 084/2017 Referatsak

15. september 2017

Karstein Totland  
møteleiar

Anne Kristin Rafoss  
sekretær

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		17/951

Saknr	Utval	Type	Dato
079/2017	Formannskapet	PS	21.09.2017

### Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

#### Saksopplysningar:

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		17/951

Saknr	Utval	Type	Dato
080/2017	Formannskapet	PS	21.09.2017

### Godkjenning av møtebok

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

#### Saksopplysningar:

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Roald Kvingedal	FA - U43	17/178

Saknr	Utval	Type	Dato
	Teknisk utval	PS	
081/2017	Formannskapet	PS	21.09.2017

### Klage på avslag - avslag på søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel - Ytre Raunholmen - Erco Seafood

32T

Journalposttittel	Dato
Disp Masfjorden	15.02.2017
Uttale til Masfjorden kommune Hordaland - Dispensasjon frå kommunens arealplan - etablering av oppdrettsanlegg ved Ytre Raunholm (L)(2042203)(1).pdf	27.04.2017
Referat frå styremøte Sameiget Frøyset Grunneigarlag 26.04.2017	02.05.2017
#8954901v1 - 201	15.06.2017
Masfjorden - Ytre Raunholmen - Etablering av oppdrettsanlegg	26.04.2017

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune ved Formannskapet viser til § 19-2 og 19-4 plan og bygningslova, og tar ikkje mottatt klage på delegert vedtak sak 038/2017 til fylgje. Det vert vist til arealdelen til kommuneplanen og avslår søknad om dispensasjon til etablering av oppdrettsanlegg ved Ytre Raunholmen.

#### Grunngjeving:

Det er ikkje kome inn nye moment i saka som talar for å gje dispensasjon frå kommuneplanen til etablering av oppdrettsanlegg ved Ytre Raunholmen. Tiltaket er av ein slik storleik at dette må takast i samband med rullering av arealdelen til kommuneplanen, endring av akvakultur, AK område.

Det vert vidare vist til at Fylkesmannen i Hordaland rår i frå at det vert gitt dispensasjon frå arealdelen av kommuneplanen for utlegging av eit oppdrettsanlegg som omsøkt, jf plan- og bygningslova sin § 19-2, 4 ledd.

Kommunen bør heller ikkje dispensere fra planar, når ein direkte berørt statleg eller regional myndigheit har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Saka vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 1-9 sendt over til Fylkesmannen i Hordaland til

## endeleg klagehandsaming

### Heimel

**Arealdelen til kommuneplanen § 19-2 Plan og bygningslova.**

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Saka gjeld klage på delegert vedtak sak 038/2017, avslag på søknad om dispensasjon fra kommunens arealplan - etablering av oppdrettsanlegg ved Ytre Raunholmen

#### Høyring

**Saka er sendt til uttale.**

**Det er komen uttale frå:**

#### Fylkesmannen i Hordaland

*Fylkesmannen si vurdering,*

*Fylkesmannen rår etter dette frå at det vert gitt dispensasjon frå arealdel av kommuneplanen for utlegging av eit oppdrettsanlegg som omsøkt. Vedlegg til saka.*

#### Fiskeridirektoratet

*Konklusjon*

*Ut frå vår kjennskap til området, det marine miljø, fiskeriaktivitet og søkjar sitt behov for ny lokalitet, vil ikkje vi gå imot at det blir gjeve dispensasjon for etablering av akvakulturanlegg som omsøkt. Vedlegg til saka*

#### Sameiget Frøyset Grunneigarlag

*Styret i Sameiget Frøyset Grunneigarlag vil motsetje seg dette prosjektet og finn det heilt uakseptabelt å etablere/plassere oppdrettsanlegget der.*

*Grunnlag for dette er at området er sjølve innløpet til Frøysetvassdraget der anadrom fisk vandrer og dette vil påvirke denne prosessen. Vedlegg til saka*

### Fakta

Det vart den 14.02.2017 søkt om dispensasjon frå kommuneplanen til etablering av oppdrettsanlegg ved Ytre Raunholmen. Masfjorden kommune ved rådmannen avsla i delegert vedtak sak 038/2017. Masfjorden kommune ved rådmannen viser til mottatt søknad den 15.02.2017. Det vert vist til arealdelen til kommuneplanen og avslår søknad om dispensasjon til etablering av oppdrettsanlegg ved Ytre Raunholmen.

Søknaden gjeld dispensasjon for utplassering av eit oppdrettsanlegg ved Ytre Raunholmen (Breiflua) i Fensfjorden. Anlegget er omsøkt med seks 160 meters ringar, i tillegg til ein flåte. Produksjonen skal etter det opplyste vera som for dei eksisterande anlegga, men ein MTB på 3315 tonn ståande biomasse, totalt 4,25 MTB.

#### Fakta om søknad frå Erko Seafood.

##### **Arsaken til søknaden:**

Lokalitetene Bergsvik og Barlingebotten ligger i Masfjorden innenfor to terskler. Rådgivende Biologer som gjør oksygenmålinger i fjorden, har sett at oksygenivået på bunnen i de indre deler av fjorden har forverret seg fra 2011 og frem til i dag. Det er ikke konkludert med hva som er årsaken til dette. I en terskelfjord er det ofte begrenset vannutskiftingen, og utskiftingen skjer som oftes i løpet av våren med kaldt vann som synker ned på bunnen og «rører» opp vannmassene. De siste vintrene har vært milde, noe som gjør at en ikke har fått den naturlige omrøringen av vannmassene. I tillegg har det til tider kommet store nedbørsmengder som har tatt med seg mye organiske materialer ut i fjordsystemet. Når organiske materiale faller ned på bunnen, kreves det mye oksygen til nedbryting. For å eliminere den eventuelle påvirkningen vår oppdrettsvirksomhet har, vil vi flytte produksjon ut av Masfjorden. Vi ønsker å flytte produksjonen til et annet område i Masfjorden Kommune og samtidig fjerne akvakulturområdene for Bergsvik og Barlingebotten fra Masfjorden Kommunes arealplan.

#### Klage frå Erco seafood

*Det vises til Masfjorden kommunes vedtak 9. juni 2017 ("Yedtaket") om avslag på søknad om dispensasjon fra arealplan for etablering av oppdrettsanlegg ved Ytre Raunholmen.*

*Vi representerer Erko Seafood AS ("Erko ") og på vegne av Erko påklages Vedtaket. Vi vil i det følgende grunngi klagen.*

#### 2.4 Nye saksopplysninger

*Siden søknaden ble sendt inn i februar har det kommet nye saksopplysninger. Fylkesmannen (miljøvernavdeling) har trukket tilbake utslippstillatelsen for lokalitetene Bergsvik og Barlingebotten med virkning fra 1 juli 2017. Dette innebærer isolert sett at Erko vil bli pådratt et stort produksjonstap ved å slakte ut fisken før slaktemoden størrelse (og umiddelbar nedlegge arbeidsplassene i Masfjorden kommune). Dette vil forhindres dersom Erko får godkjent Ytre Raunholmen slik at man kan få flyttet fisken til en ny lokalitet i nærområdet.*

*Som følge av Fylkesmannens tilbaketrekingsvedtak har allerede avsatt areal til akvakulturformål i kommunen i praksis blitt vesentlig redusert, med dertil negative ulemper for lokale arbeidsplasser og lokal verdiskapning. Dette får også betydning for kommunens inntektsgrunnlag frem til området eventuelt er avsatt til akvakulturformål. Det vises i den forbindelse til Stortingets nylige vedtak om arealavgift.*

*Vi kan ikke se at kommunen har vurdert hvorvidt et dispensasjonsvedtak kan gjøres midlertidig. Erko kan akseptere en midlertidig dispensasjon fra arealplanen frem til planen er rullert.*

*Etter at man mottok vedtak om utslippstillatelse for lokalitetene Bergsvik og Barlingebotten, har Erko kommet i dialog med Fylkesmannen om muligheten for å kunne benytte Ytre Raunholmen i stedet. Vi anmoder kommunen om å ta kontakt med Fylkesmannen for å diskutere dette, er.t. umiddelbart videresende klagesaken til Fylkesmaruren slik at denne kan foreta en rask, helhetlig behandling av saken.*

#### 3 AVSLUTNING

*Som følge av at Fylkesmannens vedtak om tilbaketrekking av utslippstillatelsene har füst 1. juli 2017 haster det å få en avklaring. På denne bakgrunn anmodes det om at saken gis høyeste prioritet og at dispensasjon innvilges snarlig.*

*Parallelt med irrsending av klagen sendes den i kopi til Fylkesmannen som overordnet myndighet med anmodning om å omgjøre Vedtaket.*

Omsøkt tiltak ligg ikkje i arealdelen til kommuneplanen som akvakultur område, og krev dermed dispensasjon frå kommuneplanen.

*§ 11-5 i plan- og bygningslova (plandelen) seier: "Kommunen skal ha en arealplan for hele kommunen (kommuneplanens arealdel) som viser sammenhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk.*

*Kommuneplanens arealdel skal angi hovedtrekkene i arealdisponeringa og rammer og betingelser for hvilke nye tiltak og ny arealbruk som kan settes i verk, samt hvilke viktige hensyn som må ivaretas ved disponering av arealene. Kommuneplanens arealdel skal omfatte plankart, bestemmelser og planbeskrivelse hvor det framgår hvordan nasjonale mål og retningslinjer, og overordna planer for arealbruk, er ivaretatt."*

*§ 19-2. Dispensasjonsvedtaket*

*Kommunen kan gi varig eller midlertidig dispensasjon fra bestemmelser fastsatt i eller i medhold av denne lov.*

*Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering. Det kan ikke dispenseres fra saksbehandlingsregler.*

*Ved dispensasjon fra loven og forskrifter til loven skal det legges særlig vekt på dispensasjonens konsekvenser for helse, miljø, sikkerhet og tilgjengelighet.*

*Ved vurderingen av om det skal gis dispensasjon fra planer skal statlige og regionale rammer og mål tillegges særlig vekt. **Kommunen bør heller ikke dispensere fra planer, lovens bestemmelser om planer og forbudet i § 1-8 når en direkte berørt statlig eller regional myndighet har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.***

Fylkesmannen si vurdering:

*Sidan saka vert handsama som ein dispensasjon, vil tiltaket ikkje verta fanga opp av forskrift om konsekvensutgreiing for planar etter plan- og bygningslova. Det kan difor stillast spørsmål ved om ein gjennom ein dispensasjonsprosess vil få saka godt nok opplyst i samsvar med kravet i forvaltningslova § 17 første ledd, då ein ikkje vil få ei samla og utfyllande vurdering av om tiltaket kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn. I ein planprosess vil ein også sikra betre moglegheiter for medverknad, jf. pbl. § 5-1, som igjen vil gi eit betre grunnlag for å fatta vedtak. Det er såleis Fylkesmannen sitt utgangspunktet at utlegging av nye akvakulturanlegg som ikkje er i samsvar med plan, bør vurderast i ein planprosess for å sikra medverknad og for å sikra at saka skal vert godt nok utgreidd. I utgangspunktet er kommuneplanen det sentrale verktøyet for arealbruk i denne næringa for å kunne vurdere samla belastning for fjordsystema heilskapleg. Lindås kommune og Masfjorden kommune har innleia eit samarbeid om ein interkommunal plan for Austfjorden. Nye og endra lokalitetar er 2 det tenleg å vurdere i ein slik samla prosess.*

## **Vurdering**

I utgangspunktet er kommuneplanen det sentrale verktøyet for arealbruk i denne næringa for å kunne vurdere samla belastning for fjordsystema heilskapleg. Lindås kommune og Masfjorden kommune har innleia eit samarbeid om ein interkommunal plan for Austfjorden. Det er viktig for Masfjorden kommune å sikre ei langsiktig og berekraftig bruk/forvaltning av Fensfjorden, og

kommunen har difor starta opp arbeid med kommuneplanen sin arealdel. Fylkesmannen i Hordaland har og tildelt skjønsmidlar for at det skal lagast eigen kommunedelplan for Fensfjorden/ Austfjorden for sjøareal som ligg i Lindås kommune og Masfjorden kommune - særleg i forhold til havbruksnæringa. Nye og endra lokalitetar er det tenleg å vurdera i ein slik samla prosess. Då kan ulike område i kommunane sjåast i samanheng, og lokalitetar som ikkje lenger skal nyttast kan bli tatt ut, samtidig med at anna areal vert lagt til. At arealbruken i sjø vert avklart gjennom grundige og demokratiske planprosessar, der alle partar og ulike interesser kan få seia sitt ved fleire høve, er eit viktig mål som er nedfelt i plan- og bygningslova, og som kommunen pliktar å følgje opp.

#### **Jf, TU - 007/2017 VEDTAK:**

*Masfjorden kommune ynskjer ikkje å auke produksjonen på Laberget, før det ligg føre rapport omtilstanden for Fensfjordbassenget.*

*Grunngjeving: For å ha eit best mogeleg kunnskapsgrunnlag i planprosessen har Masfjordenkommune har søkt om økonomisk støtte for å få gjennomført ei grundig fagleg vurdering av Fensfjorden – særleg i forhold til havbruksnæringa. Det er viktig for Masfjorden kommune å sikre ei langsiktig og berekraftig bruk/forvaltning av Fensfjorden.*

Omsøkt tiltak ligger i formål bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone i kommuneplanen , og krev difor dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen. Ved å dispensere frå kommuneplanen vil ein opne opp for Akvakultur i eit område avsatt i kommuneplanen formål bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone i kommuneplanen. Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vera kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar. Formålsbestemmelsane i planen vil verta vesentleg til sidesett dersom det skal opnast opp for å gje dispensasjon for akvakultur i dette området.

Kommunen kan berre dispensera dersom omsynet bak planføresegnene og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesett. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vera klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Moment som talar mot godkjenning:

1. Tiltaket vert liggande i arealdelen som: Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone.
2. Arealet er ikkje avsatt til akvakultur.
3. Vanskelegare for allmenta å kunne bruka arealet til fiske og rekreasjon.
4. Arealbruken i sjø må verte avklart gjennom grundige og demokratiske planprosessar.
5. Kommunedelplan for Fensfjorden/ Austfjorden må vere på plass.

Moment som talar for å godkjenna søknaden:

1. Ein kan nytta seg av eksisterande bruk av infrastruktur som lokaliteten ved ak 15 og 16.
2. Tiltaket vil såleis ikkje føra til auka privatisering.

Momenta i søknaden for å ikkje dispensera frå kommuneplanen er at ulempene vil vere større enn fordelane, og det tilrådest difor at det ikkje vert gjeven dispensasjon.

Søknaden er vurdert opp mot omsynet bak føresegnene det vert søkt dispensasjon frå.

Rådmannen si si vurdering til å kunne ikkje gje dispensasjon har vore:

- Bruksendring for området: Omsøkt tiltak vil verte store bruksendring for omsøkt område.



- Omsynet til kommuneplanen sin arealdel.
- Omsynet til natur, miljø og friluftsliv.
- Omsynet til Fensfjorden/ Austfjorden for sjøareal.

### **Konklusjon**


Masfjorden kommune ved Formannskapet viser til § 19-2 og 19-4 plan og bygningslova, og tar ikkje mottatt klage på delegert vedtak sak 038/2017 til fylgje. Det vert vist til arealdelen til kommuneplanen og avslår søknad om dispensasjon til etablering av oppdrettsanlegg ved Ytre Raunholmen.



Bergen, 3. februar 2017

## Søknad om dispensasjon for etablering av oppdrettsanlegg ved Ytre Raunholmen som erstatning for lokalitetene Bergsvik og Barlingebotten.

Erko Seafood har siden 2011 gjennomført oksygenmålinger i indre deler av Masfjorden. I den forbindelse ser vi at det har vært en forverring av oksygenivået på bunnen av fjorden. I dialog med Fylkesmannen er vi således blitt oppfordret til å finne en annen egnet lokalisering for produksjon vi har på lokalitetene Bergsvik og Barlingebotten. I samarbeid med Aqua Knowledge har vi kommet frem til at et godt egnet sted vil være ved Ytre Raunholmen i Fensfjorden. Vi søker derfor i den forbindelse om dispensasjon fra Masfjorden Kommune sin arealplan, for flytting av lokalitetene Bergsvik og Barlingebotten til Ytre Raunholmen. Kart over foreslått nytt akvakulturområde som vist under.





## Årsaken til søknaden:

Lokalitetene Bergsvik og Barlingebotten ligger i Masfjorden innenfor to terskler. Rådgivende Biologer som gjør oksygenmålinger i fjorden, har sett at oksygennivået på bunnen i de indre deler av fjorden har forverret seg fra 2011 og frem til i dag. Det er ikke konkludert med hva som er årsaken til dette. I en terskelfjord er det ofte begrenset vannutskiftningen, og utskiftningen skjer som oftest i løpet av våren med kaldt vann som synker ned på bunnen og «rører» opp vannmassene. De siste vintrene har vært milde, noe som gjør at en ikke har fått den naturlige omrøringen av vannmassene. I tillegg har det til tider kommet store nedbørsmengder som har tatt med seg mye organiske materialer ut i fjordsystemet. Når organiske materiale faller ned på bunnen, kreves det mye oksygen til nedbryting. For å eliminere den eventuelle påvirkningen vår oppdrettsvirksomhet har, vil vi flytte produksjon ut av Masfjorden. Vi ønsker å flytte produksjonen til et annet område i Masfjorden Kommune og samtidig fjerne akvakulturområdene for Bergsvik og Barlingebotten fra Masfjorden Kommunes arealplan.


## Nytt område:

Området vi har vurdert som godt egnet for produksjon, er ved Ytre Raunholmen på Breiflua. Kart over viser inntegnet lokalitet i dette området. I forbindelse med lokalisering av det nye området, har vi vært i kontakt med sektormyndighetene for å kartlegge om det finnes motforestillinger mot etablering i dette området.

Mattilsynet sier i sin kommentar at de ser på dette som en stor fordel og vil akseptere lokalisering som vi søker om. Underforstått at Mattilsynet også ser begrensninger ved produksjonen på eksisterende lokaliteter. Avstanden til nabolokaliteter er ikke en utfordring da vi kommer til å praktisere samme utsettsmønster med felles brakkeleggingsperiode.

Kystverket sier i sin kommentar at de ikke ser noen problem med denne etableringen, så lenge fortøyningen til anlegget ikke kommer inn i område som er avsatt til ankringsplass. Dette er hensyntatt i vår fortøyningsanalyse.

Slik lokaliteten er tegnet inn nå, vil den ikke komme i konflikt med annen aktivitet i kommunen. Dette gjelder også i forhold til fiskefelt eller friluftsområder. Som det fremgår av inntegningene på kartet, vil vi etablere lokaliteten med seks ringer av 160 meter diameter, i tillegg til en flåte. Produksjonen vil tilsvare samme produksjon og utsettsmønster som vi har på lokalitetene Barlingebotten og Bergsvik i dag, med en MTB på 3.315 tonn stående biomasse, totalt 4,25 MTB. Graf under viser planlagt produksjonsmønster.







Erko Seafood

#### **Bemanning:**

I dag er det til sammen 3 ansatte på våre lokaliteter i Masfjorden. Ved å flytte aktiviteten ut av Masfjorden kommune, vil det være vanskelig for de ansatte å flytte over til et annet produksjonsområde. En flytting til ny lokalitet i Fensfjorden vil medføre at dagens ansatte kan fortsette i selskapet og ta over driften av den nye lokaliteten. Vi vurderer også tilsetting av flere til samme lokalitet.

#### **Flytting til annen kommune:**

Erko Seafood AS har en etablert struktur i forbindelse med våre utsett og slakteplaner. Dette innebærer at alle utsett for våre lokaliteter er nøye planlagt i samarbeide med myndighetene basert på brakkleggingsperioder. For lokalitetene Bergsvik og Barlingebotten er disse i utsettmønster «høst partall». Dette medfører at alle lokalitetene innenfor en gitt produksjonssone har en felles brakkleggingsperiode. Ved flytting av lokalitetene Bergsvik og Barlingebotten til nytt område i Masfjorden Kommune, vil vi fortsatt være innenfor samme produksjonssone, noe som gjør at vi ikke trenger å endre på utsettstidspunkt og brakkleggingsperiode. Dette er en viktig faktor for oss, som muliggjør en optimalisering av vår samlede produksjon.

#### **Konsekvenser for omsøkt dispensasjon:**

Oppsummert mener vi den samlede konsekvensen av omsøkte dispensasjon er svært positiv. Nedenfor har vi gjort en kort oppsummering av de viktigste faktorer som gjør at dette er positivt for alle parter.

- Vi fjerner oss fra et område som er mindre egnet til oppdrett og etablerer oss i et område med god vannutskiftning.
- Ny lokalitet vil ha gode strømforhold, vannkvalitet, bunnforhold og fravær av terskel.
- Det er plass til eksisterende farled uten konflikt, ingen faste installasjoner i nærområdet.
- Lokaliteten vil bidra til trygge og utvikling av eksisterende lokale arbeidsplasser.
- Sektormyndigheter vi har vært i kontakt med, ser på endringen som svært positiv.
- Det omsøkte området ligger ikke i friluftsområde eller fiskeriområdet i arealplanen og det er liten eller ingen bebyggelse i nærområdet.
- Etter hva vi erfarer arbeides det med broforbindelse over Masfjorden fra Masfjordnes. Vår endring av lokalitetsstruktur vil medføre mindre båttransport inn i Masfjorden.

Vi håper på en rask behandling av søknaden og står til deres disposisjon dersom ytterligere dokumentasjon trenges.

Med vennlig hilsen  
For Erko Seafood AS

Leif Rune Pedersen  
Adm. direktør

Masfjorden kommune  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

Adm.enhet: Forvaltningsseksjonen i region  
Vest  
Sakshandsamar: Kari Morvik  
Telefon: 90734161  
Vår referanse: 17/5803  
Dykkar referanse: 17/178  
Dato: 27.04.2017

Att:

### **Uttale til Masfjorden kommune Hordaland - Dispensasjon frå kommunens arealplan - etablering av oppdrettsanlegg ved Ytre Raunholm**

Vi viser til oversending datert 06.04.2017, motteke i Fiskeridirektoratet 12.04.2017, med søknad datert 03.02.2017 frå Erko Seafood AS.

**Ut frå vår kjennskap til området, det marine miljø, fiskeriaktivitet og søkjar sitt behov for ny lokalitet, vil ikkje vi gå imot at det blir gjeve dispensasjon for etablering av akvakulturanlegg som omsøkt.**

#### **Tiltak**

Søknaden gjeld dispensasjon frå kommuneplanen for etablering av oppdrettsanlegg ved Ytre Raudholmen i Masfjorden kommune. Tiltaket blir liggande i areal avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner.

#### **Bakgrunn for søknad**

Erko Seafood AS har to godkjende lokaliteter i indre del av Masfjorden, 13872 Bergsvik og 13873 Barlingebotnen. Disse ligg innanfor terskelen og oksygenmåling har vist at det har vore ei forverring av nivået gjennom dei siste åra i området. Erko Seafood AS ynskjer å flytte ut frå indre del av fjorden og erstatte desse lokalitetane med ein lokalitet i ytre del av kommunen der miljøtilhøva er betre.

#### **Vår rolle**

Fiskeristyresmaktene er ansvarlig for forvaltninga av dei levande marine ressursane, fiskerinæringa og kontroll med akvakulturnæringa. Fiskeridirektoratet sine regionar skal ta vare på desse interessene i det regionale og lokale planarbeidet.

## Medverknad

Det er viktig at kommunen legg til rette for medverknad frå både fiskeri- og akvakulturnæringa når det gjeld tiltak som kjem i berøring med deira interesseområde. I saker der tiltak ligg i, og i randsona til registrerte fiskeriinteresser, har vi som rutine at vi sender saker til uttale til fiskarlaget for å få saka mest mogeleg opplyst for vår del. Med kort høyringsfrist for oss, er ikkje dette gjennomførbart. Vi kjenner ikkje til om kommunen har send saka på høyring til Fiskarlaget som representerer ei viktig brukargruppe, men føreset at dette er blitt gjort.

## Vår vurdering

I samband med innsamling av kystnære fiskeridata har vi har registrert eit gyteområde for torsk ved Raunholmane og eit gytefelt for torsk mellom Haugsøytangen og Dyrøy. I samband med kartlegging av marint biologisk mangfald har HI registrert eit regionalt viktig gytefelt for torsk i Haugdalsosen. I sør er grensa trekt ved Raunøyane og omsluttar mellom anna dei registrerte gyteområda Haugsøytangen og Dyrøy. At gytefelta blir registrert ulikt skuldast ulik metode for registrering.

Fiskeridirektoratet driv kartlegging av gyte- og oppvekstområde for fisk basert på intervju med lokalkjende kystfiskarar. Som del av kartlegging av marint biologisk mangfald, nytter Havforskningsinstituttet Fiskeridirektoratet sin data som grunnlag for sin undersøking av gyteområde for kysttorsk. Kysttorsken er viktig for økosystema langs kysten, og er samstundes grunnlag for ein stor del av kystfiskeria. Det har vore nedgang i bestandane av kysttorsk gjennom fleire år, og situasjonen gjev ifølgje havforskarane framleis grunn til uro.

Vi har og registrert eit område nord for Raunholmane som er brukt til fiske med garn etter torsk, sei og hyse og fiske med not etter makrell. Dette området er også sett av som fiskeområde i kommuneplanen.

Ut frå kartvedlegga til søknaden vil akvakulturanlegget bli lagt sør for Ytre Raunholmen og fortøyingane mot nord vil ikkje gå inn i det registrerte fiskeområdet. Fiskeområda er nytta av både yrkes- og fritidsfiskarar. Dette fører til ein del aktivitet i området i sesongen.

Det er forbod mot ferdsle nærare akvakulturanlegget enn 20 meter og å fiske nærare enn 100 meter målt frå anlegget sitt faktiske ytterpunkt i overflata. Slik anlegget er teikna inn vil det være mogleg for mindre båtar å passere mellom Ytre Raunholmen og anlegget og å fiske tett opp til holmen. Av omsyn til fare for å skade nøter med fiskereiskap bør det ikkje nyttast reiskap som kan sette seg fast i nøtene i området mellom holmen og anlegget.

Søklar har teikna inn eit framlegg til nytt akvakulturområde som er dekkande for anlegget sin omsøkte arealbruk i overflata. Dette er etter vår vurdering for knapt. Dersom det blir aktuelt å legge ut eit nytt akvakulturområde bør det ha større utstrekning i alle retningar. Som minimum omfatte ankringspunkta i ryggen mellom holmane. Dette for å synleggjere arealbruken for andre brukarar og å gje høve til mindre justeringar av anlegget utan at ein må søke dispensasjon frå kommuneplanen.

Miljøtilhøva i indre del av Masfjorden har vore overvaka over lengre tid og sjølv om det er god djupne i fjorden, er det ynskjeleg med mindre belastning av utslepp som kan bli liggande på botnen. Vi vurderer det som positivt at Erko Seafood AS vurderer å flytte drifta til eit meir ope farvatn i Fensfjorden.

### **Konklusjon**

Ut frå vår kjennskap til området, det marine miljø, fiskeriaktivitet og søkjar sitt behov for ny lokalitet, vil ikkje vi gå imot at det blir gjeve dispensasjon for etablering av akvakulturanlegg som omsøkt.

### **Fiskeridirektoratet si kartløyving**

Data om registrerte kystnære fiskeområde, løyve til å drive akvakultur og registrert marint biologisk mangfald finnast i kartløyvinga på Fiskeridirektoratet si heimeside [www.fiskeridir.no](http://www.fiskeridir.no).

Med helsing

Leni Marie Lisæter  
seksjonssjef

Kari Morvik  
seniorrådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift*

**Mottakarliste:**

Masfjorden kommune                      Austfjordvegen 2724 5981      MASFJORDNES

**Kopi til:**

Fiskarlaget Vest                      Slottsgaten 3                      5003      BERGEN  
Fylkesmannen i Hordaland              Postboks 7310                      5020      BERGEN



## Referat frå styremøte Sameiget Frøyset Grunneigarlag

Onsdag 26.04.2017 kl 18.00 i Menighetssalen.

Desse møtte: Bjørn, Terje, Harry, Sigmunn , Gjert-Rune meldte forfall

Sakliste:

### 1 : Etablering av oppdrettsanlegg ved ytre Raunholmen fra Erko Seafood

Frøyset Grunneigarlag har mottatt skriv ifrå kommunen om at Erko Seafood vil flytte oppdrettsanlegget som dei har ved Barlingebotten og Bersvik ut til ytre Raunholmane.

Styret i Sameiget Frøyset Grunneigarlag vil motsetje seg dette prosjektet og finn det heilt uakseptabelt å etablere/plassere oppdrettsanlegget der.

Grunnlag for dette er at området er sjølve innløpet til Frøysetvassdraget der anadrom fisk vandrer og dette vil påvirke denne prosessen.

Grunneigarlaget driv fiskekortsalg i elva og selger ca 350-400 fiskekort årlig, og fryktar at dette kan påvirke grunnlaget vårt for å drive elva.

Her er også moment som rømningsfare, lus på fisk, og sjukdommar som også må takast i betraktning.

Søknaden har heller ikkje tatt hensyn til nærområde når det gjelder fiskerinæring,friluftsliv og fugleliv og det kjem heller ikkje fram i søknaden konkret plassering og riktig målestokk av anlegget.

Møtet slutt

Harry Daae

Skrivar

Sigmunn Rørvik

Formann Frøyset Grunneigarlag.

Masfjorden kommune  
Austfjordvegen 2724  
5981 Masfjordnes

Vår ref.: 526745-001  
Deres ref.: 17/178 - 17/4036  
Ansvarlig advokat: Grunde Bruland

Bergen, 14. juni 2017

## **Klage på avslagsvedtak - søknad om dispensasjon fra kommunens arealplan - etablering av oppdrettsanlegg ved Ytre Raunholmen – 038/2017**

### **1 INNLEDNING**

Det vises til Masfjorden kommunes vedtak 9. juni 2017 ("Vedtaket") om avslag på søknad om dispensasjon fra arealplan for etablering av oppdrettsanlegg ved Ytre Raunholmen.

Vi representerer Erko Seafood AS ("Erko ") og på vegne av Erko påklages Vedtaket. Vi vil i det følgende grunngi klagen.

### **2 KLAGEGRUNNER**

#### **2.1 Relevant vurderingstema**

I Vedtaket er det vist til at tiltaket er av en slik størrelse at det må tas i forbindelse med rullering av arealdelen. Det er ikke gjort en konkret vurdering av tiltakets relative størrelse sett hen til området avsatt til "bruk og vern av sjø og vassdrag". Det samlede arealbeslaget som følge av et dispensasjonsvedtak er ikke større enn at hensynet bak formålet fortsatt ivaretas.

Det er heller ikke gjort en vurdering av at Erko i søknaden har opplyst at arealene på to andre lokaliteter i kommunen frigis. Samlet sett vil det bli mer areal tilgjengelig for annen bruk enn akvakultur.

Plan- og bygningsloven kapittel 19 inneholder ingen størrelsesbegrensning for omsøkte tiltak. Det relevante vurderingstemaet etter plbl. § 19-2, andre ledd er om

*"hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt"*

Ordlyden "*vesentlig tilsidesatt*" viser at det skal være fullt mulig å oppnå dispensasjon. Det er ikke tilstrekkelig at hensynet det dispenseres fra blir tilsidesatt, det må over en viss terskel ("*vesentlig*") for

at bestemmelsen kommer til anvendelse. I den konkrete vurderingen i denne saken er det relevant å se hen til Erkos søknad der det fremgår at arealene på to andre lokaliteter i kommunen frigis til andre formål. Følgelig vil samlet arealbruk til akvakulturformål gå ned ved at to lokaliteter samles til en. I tillegg vil en slik dispensasjon kunne bidra, i følge Fylkesmannen (jf. punkt 2.2 nedenfor) til å bedre oksygenforholdene i dypvannet inne Masfjorden og dermed har positiv miljømessig effekt.

## 2.2 Negativ uttale fra statlig myndighet – mangelfull vurdering

Som en del av hovedbegrunnelsen er det trukket frem at Fylkesmannen har frarådet dispensasjon og det er pekt på bestemmelsen i plbl. § 19-2 fjerde ledd andre setning som sier at:

*"Kommunen bør heller ikke dispensere fra planer, lovens bestemmelser om planer og forbudet i § 1-8 når en direkte berørt statlig eller regional myndighet har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden."*

Det følger av forarbeidene til plan- og bygningsloven, Ot.prp.nr.32 (2007-2008) s. 243 at

*"Kommunen bør etter andre punktum ikke gi dispensasjon i strid med uttalelse fra statlig eller regional myndighet. Det forutsettes at en «negativ uttalelse» i denne sammenhengen for det første gir klart uttrykk for at myndigheten motsetter seg dispensasjonen. Videre bør det henvises til det mandat myndigheten er gitt og de statlige føringene som myndigheten er ansvarlig for å følge opp i forhold til tiltaket eller området, og angis hvilke konkrete forhold i søknaden som strider mot disse." (Våre understrekninger).*

Det fremgår ikke av Vedtaket hvilket mandat Fylkesmannen har ved sin negative uttalelse. Det er heller ikke gitt en beskrivelse av de statlige føringer Fylkesmannen skal følge opp eller hvilke konkrete forhold ved søknaden som strider mot slike statlige føringer. Følgelig er ikke Vedtaket fattet i samsvar med lovgivers vilje og intensjon.

## 2.3 Mangelfull avveining av fordeler og ulemper

Det fremgår ikke av Vedtaket hvilke fordeler og ulemper som er veid opp mot hverandre. Det konkluderes bare med at ulempene vil være større enn fordelene ved dispensasjon. Det er derfor ikke mulig for Erko å ta stilling til hvordan kommunen har vektet de ulike hensynene opp mot hverandre.

## 2.4 Nye saksopplysninger

Siden søknaden ble sendt inn i februar har det kommet nye saksopplysninger. Fylkesmannen (miljøvernavdeling) har trukket tilbake utslippstillatelsen for lokalitetene Bergsvik og Barlingebottom med virkning fra 1 juli 2017. Dette innebærer isolert sett at Erko vil bli pådratt et stort produksjonstap ved å slakte ut fisken før slaktemoden størrelse (og umiddelbar nedlegge arbeidsplassene i Masfjorden kommune). Dette vil forhindres dersom Erko får godkjent Ytre Raunholmen slik at man kan få flyttet fisken til en ny lokalitet i nærområdet.

Som følge av Fylkesmannens tilbaketrekking vedtak har allerede avsatt areal til akvakulturformål i kommunen i praksis blitt vesentlig redusert, med dertil negative ulemper for lokale arbeidsplasser og lokal verdiskapning. Dette får også betydning for kommunens inntektsgrunnlag frem til området eventuelt er avsatt til akvakulturformål. Det vises i den forbindelse til Stortingets nylige vedtak om arealavgift.

Vi kan ikke se at kommunen har vurdert hvorvidt et dispensasjonsvedtak kan gjøres midlertidig. Erko kan akseptere en midlertidig dispensasjon fra arealplanen frem til planen er rullert.

Etter at man mottok vedtak om utslippstillatelse for lokalitetene Bergsvik og Barlingebotten, har Erko kommet i dialog med Fylkesmannen om muligheten for å kunne benytte Ytre Raunholmen i stedet. Vi anmoder kommunen om å ta kontakt med Fylkesmannen for å diskutere dette, evt. umiddelbart videresende klagesaken til Fylkesmannen slik at denne kan foreta en rask, helhetlig behandling av saken.

### 3 AVSLUTNING

Som følge av at Fylkesmannens vedtak om tilbaketrekking av utslippstillatelsene har frist 1. juli 2017 haster det å få en avklaring. På denne bakgrunn anmodes det om at saken gis høyeste prioritet og at dispensasjon innvilges snarlig.

Parallelt med innsending av klagen sendes den i kopi til Fylkesmannen som overordnet myndighet med anmodning om å omgjøre Vedtaket.

Skulle det være spørsmål eller behov for ytterligere opplysninger er det bare å ta kontakt.

Med vennlig hilsen  
WIKBORG REIN ADVOKATFIRMA AS

  
Erik Staurset Andresen



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Laila Pedersen Kaland, 5557 2373

Vår dato  
25.04.2017  
Dykkar dato  
06.04.2017

Vår referanse  
2017/4913 421.3  
Dykkar referanse

Masfjorden kommune  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

### Masfjorden - Ytre Raunholmen - oppdrettsanlegg - uttale

Me viser til oversending frå kommunen med frist for uttale til 27.04.2017.

Saka gjeld dispensasjon for utplassering av eit oppdrettsanlegg ved Ytre Raunholmen (Breiflua) i Fensfjorden. Anlegget er omsøkt med seks 160 meters ringar, i tillegg til ein flåte. Produksjonen skal etter det opplyste vera som for dei eksisterande anlegga, men ein MTB på 3315 tonn ståande biomasse, totalt 4,25 MTB.

Plassering av oppdrettsanlegget skjer på eit areal som er vist med formål bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone i arealdel av kommuneplanen for Masfjorden. Tiltaket er såleis avhengig av dispensasjon.

#### Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispensera dersom omsynet bak planføresegnene og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesett. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vera klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vera kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommune- og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Sidan saka vert handsama som ein dispensasjon, vil tiltaket ikkje verta fanga opp av forskrift om konsekvensutgreiing for planar etter plan- og bygningslova. Det kan difor stillast spørsmål ved om ein gjennom ein dispensasjonsprosess vil få saka godt nok opplyst i samsvar med kravet i forvaltningslova § 17 første ledd, då ein ikkje vil få ei samla og utfyllande vurdering av om tiltaket kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn. I ein planprosess vil ein også sikra betre moglegheiter for medverknad, jf. pbl. § 5-1, som igjen vil gi eit betre grunnlag for å fatta vedtak. Det er såleis Fylkesmannen sitt utgangspunktet at utlegging av nye akvakulturanlegg som ikkje er i samsvar med plan, bør vurderast i ein planprosess for å sikra medverknad og for å sikra at saka skal vert godt nok utgreidd. I utgangspunktet er kommuneplanen det sentrale verktøyet for arealbruk i denne næringa for å kunne vurdere samla belastning for fjordsystema heilskapleg. Lindås kommune og Masfjorden kommune har innleia eit samarbeid om ein interkommunal plan for Austfjorden. Nye og endra lokalitetar er

det tenleg å vurderer i ein slik samla prosess. Då kan ulike område i kommunane sjåast i samanheng, og lokalitetar som ikkje lenger skal nyttast kan bli tatt ut, samtidig med at anna areal vert lagt til eller utvida på ein måte som stettar næringa sin trong for eventuell berekraftig vekst på dei lokalitetane drifta skal gå føre seg. Den samla miljøpåverknaden på fjordsystemet kan då bli sett i større samanheng, samtidig som ein tek omsyn til behovet for areal for andre interesser. Me viser også til at det er starta reguleringsplanarbeid for akvakultur i området Ospeneset - Langøy på Lindåssida av Fensfjorden som kan få innverknad for vurderinga av arealbruken og samla belastning for fjordsystemet.

Me minner om at kommunen, også når verknader skal vurderast i dispensasjonssaker, har ei sjølvstendig plikt til å leggje særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge, jf. pbl. § 19-2. Det er òg eit kommunalt ansvar å kjenne til og opplyse om dei sumverknadene tiltak og dispensasjonsvedtak har på naturmangfaldet, jf. naturmangfaldlova § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning. Masfjorden kommune må difor i denne saka nøye vurderer konsekvensane av å dispensera frå kommuneplanen for mellom anna resipient og sjå på andre lokale miljøverknader for naturmangfaldet. Me vil i den samanheng særleg peika på at i naturbase er det registrert ei rekkje fugleartar av nasjonal forvaltningsinteresse ved Ytre og Indre Raunholmen. I planskildring og temakart til kommuneplanen er området ved Raunholmane vist med stor verdi ut frå natur- og strandsonsomsyn. Kommuneplanen viser også gyteområde for fisk nord for desse holmane.

Som ein del av vurderinga av om ein skal gje dispensasjon vil ein måtte drøfta kva ei utplassering av eit nytt anlegg vil kunne føra til (påverka areal, endra spreingsmønster osv.). Det må òg gjerast ei vurdering av om endringa på sikt kan føra til ein ny situasjon for spreing av sjukdom og parasittar frå lokaliteten og om ein kan oppleve at endra bruk av kjemikalia/medisin vil kunne påverka marint liv på nye måtar. Relevant fagleg kunnskap om slike verknader må skaffast fram og danna grunnlag for vurdering av om vilkår for å gje dispensasjon faktisk er til stades.

Vidare er Herøyosen registrert som eit viktig regionalt friluftsområde, jf. kartlegging og verdsetting av regionale friluftsområde i Hordaland. Området scorar særleg høgt på at området er inngrepsfritt og at området har spesielle natur- og kulturhistoriske opplevingskvalitetar. Også i arealdel av kommuneplanen for Masfjorden er området som er planlagt brukt til akvakultur vist med omsynssone friluftsliv. Utlegging av eit oppdrettsanlegg i dette viktige friluftsområdet vil såleis vera negativ for bruken av området til friluftsliv, samt for opplevingskvalitetane til området.

Ein bruk av dette arealet til oppdrett vil gjera det vanskelegare for allmenta å kunne bruka arealet til fiske og rekreasjon. Ein dispensasjon i denne saka vil vidare kunne skapa presedens for seinare søknader om flytting eller utviding av akvakulturanlegg andre plassar i kommunen og såleis på sikt undergrava arealdelen av kommuneplanen som styringsverktøy for arealbruken i kommunen.

Søknadskartet viser at delar av fortøyingane til anlegget kjem inn i nabokommunen, Lindås. Det gjer at tiltaket også vil krevja behandling etter plan- og bygningslova i denne kommunen.

Fylkesmannen rår etter dette frå at det vert gitt dispensasjon frå arealdel av kommuneplanen for utlegging av eit oppdrettsanlegg som omsøkt.

Kommunen bør ikkje gi dispensasjon dersom regional styresmakt har uttala seg negativt til søknaden, jf. plan- og bygningslova § 19-2 fjerde ledd siste setning. Dersom det likevel vert gitt dispensasjon, ber me kommunen senda vedtaket til Fylkesmannen for klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Laila Pedersen Kaland  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FA - L81	14/1196

Saknr	Utval	Type	Dato
082/2017	Formannskapet	PS	21.09.2017
053/2017	Kommunestyret	PS	21.09.2017

## Utbyggingsavtale Liarinden

32T

### Journalposttittel

Utbyggingsavtale-forslag liarinden 06.09.2017

### Dato

11.09.2017

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Utbyggingsavtalen vert godkjent slik den ligg føre i sakstilfanget, datert 6.9.2017 – men med justering slik at teksten samsvarer med anleggsbidragsmodellen
2. Utbyggingsavtalen bygger på prinsippet om anleggsbidragsmodellen
3. Kommunal økonomisk medverknad utover pkt. 2 er knytt til ordninga med etableringstilskot, kor tal reelle bustadtomtar og sum etableringstilskot jf ordninga for etableringstilskot dannar grunnlag for tilskot og kommunal økonomisk medverknad
4. Utbyggingsavtalen og kommunal økonomisk medverknad er tidsavgrensa til oppstart seinast innan 2 år frå vedtaksdato.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Utbyggingsavtale mellom LBOB Invest AS heretter kalt utbygger, og Masfjorden kommune, vert med dette framlagt til politisk handsaming.

Kommunal økonomisk medverknad er ein del av totalløysinga/utbyggingsavtale for Liarinden bustadområde.

Viser til sak og vedtak/uttale etter politisk handsaming september 2016



## **Saksopplysningar:**

### **Bakgrunn**

Det har over nokre år vorte jobba med å få på plass ein utbyggingsavtale og realisering og utbygging av bustadfeltet Liarinden.

### **Vurdering**

Mykje er etter kvart avklart og på plass.

Finansiering er utfordringa.

Kommunen har tilbydd kommunal medverknad med 1,2 mill.kr. som gjeld mva. til VAR delen av prosjektet, kalkulert til brutto 6 mill.kr. og 1,16 mill.kr. (basert på ordning med etableringstilskot), samla litt over 2,3 mill.kr.

Samla utbygging av feltet inkl. alle kostnader kjem for opp i over 15 mill.kr., og tanken er å ferdigstille anlegg og ha byggeklare tomter til sals. Utbygger har i møte den 26.aug.16 sett fram krav om at kommunen må bidra med 6 mill.kr. for at han skal gjennomføre prosjektet. Det er såleis eit avvik mellom tilbod og ønskje, som ein i denne omgang ønskjer formannskapet drøftar før ein går vidare med forhandlinga og fullføring av utbyggingsavtalen

## **Kommunestyret - 067/2016**

### **KS - vedtak:**

**Kommunestyret ønskjer at forhandlingane med utbygger skal halde fram.**

### **Uttale**

### **Fakta**

Det føreligg no ein utbyggingsavtale mellom LBOB Invest AS heretter kalt utbygger, og Masfjorden kommune, som følgjer som saksvedlegg.

#### **Utbyggingsområdet/ geografisk avgrensing**

Avtalen omfattar følgjande område: Reguleringsplan "Liarinden bustadområde"

ID: 1266-20120002. (I hovudsak gnr. 37, bnr. 87 i Masfjorden kommune).

Status og framdrift i arbeidet med utbyggingsavtalen fekk Kommunestyret orientering om i møte den 13.12.2016.

## Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)

### Tredje del: Gjennomføring

#### Kapittel 17. Utbyggingsavtaler

##### § 17-1. Definisjon

Med utbyggingsavtale menes en avtale mellom kommunen og grunneier eller utbygger om utbygging av et område, som har sitt grunnlag i kommunens planmyndighet etter denne lov og som gjelder gjennomføring av kommunal arealplan.

0 Tilføyd ved lov 8 mai 2009 nr. 27.


##### § 17-2. Forutsetning for bruk av utbyggingsavtaler

Utbyggingsavtaler må ha grunnlag i kommunale vedtak fattet av kommunestyret selv som angir i hvilke tilfeller utbyggingsavtale er en forutsetning for utbygging, og som synliggjør kommunens forventninger til avtalen.

Kommunen skal legge til rette for medvirkning av berørte grupper og interesser.

Det er 2 alternative avtalemodellar for utbyggingsavtalar som regulerer det økonomiske forholda, og det er 1) utbyggingsavtale med anleggsbidrag og 2) justeringsavtale. Utbyggingsavtale med anleggsbidrag er det kommunen som er byggherre, og utbygger betalar ikkje mva.

#### Utbyggingsavtale etter anleggsbidragsmodellen



Utbygger gjennomfører arbeida/utbygging på vegne av kommunen, kommunen er formell byggherre. At utbygger opptre på vegne av kommunen reiser ein del juridiske problemstillingar som er kompliserande (spesielt knytt til lov om off.anskaffelsar, mva problemstillingar)

Medan alternativet med justeringsavtale inneber at utbyggjar er byggherre fullt ut. Kommunen overtek anlegga vederlagsfritt. Utbygger får refundert mva. over ein 10-års periode.

Utbyggjar har bede om eit kommunalt tilskot på kr. 6 mill.kr. for å stå for utbygginga.

#### Vurdering

Status i forhandlingane/drøftingane mellom utbyggjar og kommunen er at utbyggjar ønskjer eit direkte tilskot frå kommunen og står for all utbygging. Dette er ei løysing kommunen ikkje kan gå for. Dersom utbyggjar skal stå for alt, er det avtale etter justeringsmetoden som må leggjast til grunn. Avtale etter justeringsmetoden, og at utbyggjar får mva. att over 10 år, er ikkje aktuelt for

utbyggjar. Vi må såleis handtere utbyggingsavtalen etter anleggsbidragsmetoden og rigge den vidare framdrift slik at alle formelle forhold kjem på plass. Vesentleg del av kommunen si økonomiske medverknad er og vert mva. i utbyggingsprosjektet, kombinert med etableringstilskotsordninga.

Utbyggingsavtalen tekniske anlegg er partane samde om. Men ein del av formuleringane i forslag til utbyggingsavtale må endrast slik at den samsvarer med anleggsbidragmodellen.

Det er eit avvik mellom sum kommunal økonomisk medverknad basert på anleggsbidragsmodellen og etableringstilskot og krav frå utbyggjar om kommunalt tilskot på 6 mill..kr.

### **Konklusjon**

Utbyggingsavtalen vert godkjent slik den ligg føre i sakstilfanget, datert 6.9.2017. – med mindre formuleringsendringar.

Kommunal økonomisk medverknad vert mva med basis i anleggsbidragsmodellen for utbyggingsavtalar, samt tilskot knytt til ordninga med etableringstilskot og praktisering ved andre utbyggingar

Tilskot utover dette vert ikkje gitt

Kommunal medverknad i prosjektet må tidfestast, og legg til grunn at arbeidet må ha oppstart seinast innan 2 år frå vedtaksdato.

# UTBYGGINGSAVTALE

## Partar:

<i>Utbygger:</i>	<b>LBOB Invest AS</b>	<b>Masfjorden kommune</b>
<i>Adresse:</i>	Nordre Bruås 36 5131 Nyborg	Austfjordvegen 2724, 5981 MASFJORDNES
<i>Org.nr.:</i>	997 398 335	Org.nr.: 945 627 913

Mellom LBOB Invest AS heretter kalt utbygger, og Masfjorden kommune, vert det med dette inngått utbyggingsavtale for Liarinden bustadområde.

## Utbyggingsområdet/ geografisk avgrensing

Avtalen omfattar følgjande område: Reguleringsplan "Liarinden bustadområde" ID: 1266-20120002. (I hovudsak gnr. 37, bnr. 87 i Masfjorden kommune). Dersom det blir behov for å erverve eller disponere areal utanfor planområdet må dette avtalast særskilt.

### Grunnprinsipp:

Utbyggjar dekkjer kostnader til opparbeiding av kommunal infrastruktur som veg, vatn, avlaup - samt leikeplassar og fellesareal.

Når anlegga for veg, vatn og avløp er ferdigstilla skal utbyggjar overføre desse vederlagsfritt til kommunen - som seinare skal eige, drifte og vedlikehalde anlegga - fram til grensa til den enkelte tomt.

Kvalitet og kvantitet på tekniske anlegg skal i utgangspunktet vera i samsvar med norsk standard men etter nærare spesifikasjonar dersom det vert skriftleg avtala.

Før tiltak i terreng kan starte opp skal teknisk plan frå utbyggjar godkjennast skriftleg av kommunen.

Ferdigstilling og overføring av anlegg til kommunen skal gjerast skriftleg etter synfaring og godkjenning av begge partar.

Kommunen kan krevje avgift/gebyr overfor tomteeigar som er påkopla kommunalt anlegg i drift frå det tidspunktet kommunen formelt har overteke tekniske anlegg .

## 1. Generelt

### 1.1 Formål

Utbyggingsavtalen skal sikra utbyggjar tryggleik ved felles forståing av råmer for tiltaket mellom partane - og sikre gjennomføring med minst moglege uavklarte forhold.

Avtalen skal sikra at utbygginga vert gjennomført i samsvar med kommunale planar for området, at tekniske anlegg får ei forsvarleg utforming/kapasitet, og er av ein kvalitet som er akseptabel og i samsvar med "Norsk standard". Det er ei viktig kommunal oppgåve å sikre at drift og vedlikehald av offentleg infrastruktur er effektiv og samfunnsøkonomisk forsvarleg.

## 2. Utbyggjar sitt ansvar

### 2.1 Utarbeiding av teknisk plan

Det skal utarbeidast ei komplett teknisk løysing for planområdet - som dokumenterer praktisk gjennomføring av alle anlegg: veg, fellesparkering, leikeplassar, vatn, avløp, veglys, straum, nettkabel, og stikkrenner. Avløp for overflatevatn ved inn/avkjørsel frå FV570 er utbygger sitt ansvar. Eigendommen er i reguleringsplanen ikkje pålagt overflatevatn tiltak. Kvalitet og kapasitet på dei ulike anlegga skal beskrivast og dokumenterast i planen. Teknisk plan skal godkjennast skriftleg av kommunen før tiltak startar opp.

### 2.2 Omfanget av utbygginga

- Utbygger forpliktar seg til å planleggje og ferdigstilla området for bustadbygging klar for sal av tomtar.
- Utbyggjar skal ta følgjande oppgåver:
  - Erverv
  - Detaljprosjektering
  - Utbygging av alle tekniske anlegg som veg og veglys, vatn, kloakkavløp, straum og nettkabel.
  - Opparbeiding av eigedommane
  - Opparbeiding av alle fellesområda

### 2.3 Veg, veglys og parkering

Køyreveg i feltet - og avkøyrslar til/frå denne - skal utformast i samsvar med vegnormalen type A2. Køyreveg skal byggjast på fjell eller steinmassar. (Snuplassar bør etablerast på enden av KV04 - men dette er i strid med reguleringsplanen)

Kommunen kan overta veganlegg når det er ferdigstilt med asfalt ( 5 cm tjukkeleik) i samsvar med vegnormalen. Vegareal som skal vera eit kommunalt ansvar skal delast frå med eige gards- og bruksnummer før overtaking.

#### *Parkering*

Fellesparkering for brukarar av småbåtanlegg må avklarast i teknisk plan då det ikkje er køyreveg til båthamna - og ikkje avklart parkeringsplass i reguleringsplanen.

#### *Veglys*

Veglys skal som utgangspunkt etablerast i samsvar etter vegnormalen - men plan for veglys godkjennest av statens vegvesen ved inn/utkjørsel til FV570 og dokumenterast før tiltak vert starta opp. Veglys i selve boligfeltet er ein del av Teknisk plan.

### 2.4 Drenering

Handtering av overflatevatn i feltet skal vurderast i byggeperioden, (byggemøter) avklare behovet for stikkrenner, grøfter, kummer, sandfang etc. Utbygger tar kostnad med dreneiring for feltet inntil kr 100.000,-.

Overflatevatn frå fylkesvegen skal ikkje ned i feltet. Alternativt må anna løysing dokumenterast i teknisk plan.

### 2.5 Vassforsyning og avløp

Kommunane overtek hovudleidning for vatn og avløp når det er godkjent og ferdigstilla fram til tomtegrenser.

V/A- anlegg skal liggje i fellesgrøft med andre leidningsanlegg på frostsikker djupne - med påkopling til kvar enkelt tomt i grense - og med stoppekran for vatn.

Kvalitet av borehol for vassforsyning skal sikrast m.a. gjennom klausul av nærområdet. Dersom borehol ligg utanfor planen må utbygger dokumentere rett til slik bruk - og syte for nødvendig klausul i samråd med kommunen.

Det skal leverast komplett pumperigg - med trykkpump og uv-anlegg. Anlegg med alarm/utringarfunksjon ved driftstans.

MK skal bekoste uttak av brannvatn (ventil) vert ved ØK01, ved høgdebasseng/pumpehus for vassforsyning til bustadfeltet.

Kommunen skal overta alle anlegg for vassforsyning og avløp. Utbyggjar må slik sikre kommunen eigarrett av anlegga fram til kvar tomtegrense for bustader - og rett til tilgang av kommunale anlegg på annan eigedom.

Anlegg for avløp skal leverast i samsvar med føresegner etter ureiningslova kap. 13 for avløpsanlegg > 50PE. Utløpsslange skal ut på minimum 10 meter djupne i sjø.

## *2.6 Utbygging langs FV 570*

Utbyggjar skal også forskottere og vere byggherre for tekniske anlegg og fellesområde langs fylkesvegen. Dette arbeidet må dokumenterast og avklarast i skriftleg avtale med Statens vegvesen.

## **3. Kommunen sitt ansvar (teknisk- og grøn infrastruktur)**

### *3.1 Kommunen sine rettigheter og plikter*

Kommunen skal drifte og vedlikehalde dei anlegg kommunen skriftleg har overtatt etter ferdigstilling. Drift og vedlikehald skal skje i samsvar med norsk regelverk og i høve til den kapasitet feltet treng.

For dei anlegg kommunen har overteke kan kommunen krevje inn gebyr/avgift av dei eigedomane som blir kopla til kommunale anlegg i drift.

## **4. Diverse**

### *4.1 Kommunal deltaking i byggemøte for sikring og kontroll - samt overtaking.*

Kommunen v/teknisk drift skal verte kalla inn til byggemøte vedkommande bygging av dei kommunale tekniske anlegga.

Dersom det blir aktuelt å avvike frå teknisk plan i gjennomføring så skal kommunen v/ teknisk drift kallast inn til byggemøte. Møter og samtalar undervegs vert gjennomført etter behov. Det skal liggja naudsynt dokumentasjon på garanti for utført anleggsarbeid. Teknisk plan skal skriftleg godkjennast av teknisk drift - og overtaking skal skje etter felles synfaring og underskriven formell protokoll. Det skal vere ferdigattest på tekniske anlegg før overtaking.

### *4.2 Private og kommunale anlegg*

*Utbyggjar har informasjonsplikt ovanfr huseigar på kva som skil private, og kommunale VVA – anlegg.*

### *4.2 Varigheit*

*Avtalen fell vekk om utbygginga ikkje startar opp innan 2 år etter signering av avtalen.*

### *4.4 Tinglysing*

*Avtalen vert utferda i 3 – tre eksemplar, der kvar av partane beheld kvart sitt, og eitt er for t tinglysningsmyndigheita dersom utbyggjar ynskjer tinglysing.*

### *4.5 Trer i kraft*

*Denne avtalen trer i kraft når den er underskrive av begge partar.*

*Masfjordnes / Nyborg*

For Masfjorden kommune

---

LBOB Invest AS

---

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen		17/711

Saknr	Utval	Type	Dato
083/2017	Formannskapet	PS	21.09.2017
054/2017	Kommunestyret	PS	21.09.2017

### Finansrapportering pr. 2.tertial/31.08.2017

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Finansrapporteringa pr. 2. tertial 2017 vert teken til vitring

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Finansrapportering jf. nytt finansreglement vedteke av kommunestyret i møte den 20.02.2017, sak 3/2017

## 9. Rapportering

Rådmannen skal i samband med tertialrapportering per 30.04 og 31.08 utarbeide ein finansrapport til formannskapet og kommunestyret. I tillegg skal rådmannen i samband med årsavslutning leggje fram ein rapport til formannskapet og kommunestyret som viser utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

- Rapportane skal innehalde ein omtale og vurdering av kommunen sin finansielle risiko.
- Rapportene skal innehalde ein nærmare omtale av korleis aktiva og passiva er samansett.
- Rapportane skal vise markedsverdien for aktiva, både samla og for kvar gruppe av ulike typar aktiva.
- Rapportane skal vise verdien for passiva, både samla og for kvar gruppe av ulike typar passiva. I tillegg skal rapportane opplyse om løpetida for passiva, og om verdien av lån som forfell og som må refinansierast innan 12 månader.
- Rapportane skal innehalde ein omtale av vesentlege marknadsendringar og endringar i kommunen sin finansielle risiko, og det skal gjevast ein vurdering av dette. I tillegg skal rapportane innehalde ein omtale av aktuelle marknadsrenter og kommunen sine eigne rentevilkår.
- Om det har oppstått avvik mellom krava i finansreglementet og den faktiske forvaltninga, skal dette takast med i rapportane.



## Fakta

Viser til rekneskapen 2016 og 2.tertialrapport 2017. Denne rapporten supplerer 2.tertialrapport med ekstra vekt på plasserte midlar utover bankinnskot, samt gjev eit statusbilde av gjeld – kor det har skjedd lite endring i høve rekneskapstala pr. 31.12.2016, det er ikkje teke opp lån til årets investeringar, men kor nedbetaling av gjeld/avdrag er bokført med i overkant av 3,2 mill.kr. pr. 2.tertial.

Plasserte midlar i rente, obligasjon og aksjefond hadde god avkastning pr. 1.tertial jf. oversikta under. med over 1,1 mill.kr. i løpet av 4 månader, og vidare auka med knappe 0,3 mill.kr. mai – og ut august 2017. og status pr. 2.tertial når ein manglar data frå ei av plasseringane er;

	01.01.2017	2017		
		Resultat	Marknadsverdi	Avkastning
Dnb Obligasjon 20	7 238 041,16	132 175,32	7 370 216,48	1,826 %
Holberg Kreditt	1 960 964,51	129 333,27	2 090 297,78	6,595 %
First Aksjer Norge	5 145 737,04	488 098,57	5 633 835,61	9,485 %
Holberg Global	1 839 440,38	217 298,63	2 056 739,01	11,813 %
Holberg Rurik	660 187,65	119 298,11	779 485,76	18,070 %
Spv Aksje	5 097 397,39	301 137,94	5 398 535,33	5,908 %
<b>SUM</b>	<b>21 941 768,13</b>	<b>1 387 341,84</b>	<b>23 329 109,97</b>	<b>6,323 %</b>

	01.01.2017	2017			jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug
		Resultat	Marknadsverdi	Avkastning								
Dnb Obligasjon 20	7 238 041,16	132 175,32	7 370 216,48	1,826 %	29 739,12	17 619,46	34 578,03	5 184,85	30 123,76	-1 358,37	16 288,47	0,00
Holberg Kreditt	1 960 964,51	129 333,27	2 090 297,78	6,595 %	31 322,49	27 468,68	12 002,39	19 055,88	11 607,00	-1 659,96	17 015,09	12 521,70
First Aksjer Norge	5 145 737,04	488 098,57	5 633 835,61	9,485 %	103 837,90	48 137,25	127 483,11	67 445,51	50 418,99	-198 528,67	317 054,79	-27 750,31
Holberg Global	1 839 440,38	217 298,63	2 056 739,01	11,813 %	-18 228,40	66 078,58	87 495,12	76 345,65	39 215,27	-10 258,50	-21 252,20	-2 096,89
Holberg Rurik	660 187,65	119 298,11	779 485,76	18,070 %	-10 477,14	20 457,19	51 686,05	33 565,61	21 125,43	10 394,09	4 788,05	-12 241,17
Spv Aksje	5 097 397,39	301 137,94	5 398 535,33	5,908 %	-44 867,53	103 805,95	0,00	268 407,03	41 748,59	-45 423,46	-17 031,64	-5 501,00
<b>SUM</b>	<b>21 941 768,13</b>	<b>1 387 341,84</b>	<b>23 329 109,97</b>	<b>6,323 %</b>	<b>91 326,44</b>	<b>283 567,11</b>	<b>313 244,70</b>	<b>470 004,53</b>	<b>194 239,04</b>	<b>-246 834,87</b>	<b>316 862,56</b>	<b>-35 067,67</b>

### Total lånegjeld Masfjorden kommune 2016

Låneinstitusjon	Saldo 1/1	Nytt lån	Avdrag	Ekstraordinære avdrag	Saldo 31/12	Renter
Husbanken	1 583 904,00		568 227,00		1 015 677,00	18 029,00
Komm.banken	53 726 180,00	5 312 000,00	4 121 720,00		54 916 460,00	890 756,00
KLP/komm.kred.	9 411 000,00		796 500,00		8 614 500,00	201 697,00
Husbanken startlån	7 223 315,00		659 116,00		6 564 199,00	112 889,39
<b>Totalsum</b>	<b>71 944 399,00</b>	<b>5 312 000,00</b>	<b>6 145 563,00</b>		<b>71 110 836,00</b>	<b>1 223 371,39</b>

### Fordeling flytande rente og fastrente

Rentetype	Långiver	Saldo 31/12	Del av total lånegjeld
Flytande	Husbanken	1 015 677,00	1,43 %
	Komm.banken	46 184 460,00	64,95 %
	KLP/komm.kred.	8 614 500,00	12,11 %
	Husbanken startl.	6 564 199,00	9,23 %
<b>Totalt Flytande</b>		<b>62 378 836,00</b>	<b>87,72 %</b>
Fast 1-3 år	Komm.banken	8 732 000,00	12,28 %
	<b>Totalt Fast 1-3 år</b>	<b>8 732 000,00</b>	<b>12,28 %</b>
<b>Totalsum</b>		<b>71 110 836,00</b>	<b>100,00 %</b>

Langsiktig gjeld låg på knappe 37.000 pr. innbyggjar ved utgangen av 2016 (liten nedgang i 2016). KOSTRA gr. 6 Som Masfjorden er ein del av låg på nesten 84.000 pr innbyggjar. Gjennomsnittskommunen ligg på litt i overkant av 57.000 (opp med ca. 3.000 pr. innbyggjar i 2016).

Rentenivået er framleis på eit historisk lågt nivå, og ved inngangen av 2017 låg 3 mnd nibor på 1,17%, og redusert til 0,79% ved utgangen av august 2017.



### Vurdering

Det er normalt med til dels store svingingar i aksjemarknaden, med ein god start i 2017, litt meir svingingar i sommar, men avkastning hittil 2017 har vore god. Det skal lite til av uro rundt omkring i verden før ein får opp eller nedgang i verdien av plasseringane, og utfordring er å skape/ oppnå meiravkastning utover ordinær bankinnskot. Ein ser ingen grunn å endre på noverande plassering og porteføljesamansetjinga ved utgangen av 2.tertial 2017 – og det er ikkje gjort endringa hittil i 2017.

Stresstest pr. 2.tertial 2017 er gjort ut i frå at grunnkapital/plassering er dekkja opp med fondsavsetjing, og at det er berre reinvestert kapital som ein ikkje har fondsmidlar til å dekke. Plasseringa utover bankinnskot er noko Masfjorden etter kvart har mange års erfaring med, og normalt har ein oppnådd eit resultat som har styrka kommunerekneskapen med mellom 1-2 mill.kr. årleg, og berre unntaksvis har vi hatt år med negativ avkastning. Faren for finansuro og negativ avkastning er til stades, men ein har større tru på meiravkastning utover bank og for noverande plasseringa.

### **Konklusjon**

Tilråd at finansrapporteringa pr. 31.8.2017 vert teken til vitring

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		17/951

Saknr	Utval	Type	Dato
084/2017	Formannskapet	PS	21.09.2017

### Referatsak

#### 32T

1. Sakliste til Regionråd 2-2017
2. Terapibading i Masfjorden Kommune
3. Regionråd 2-2017
4. Overslag på ferjeavløysingsmidlar i samband med førehandsavklaring

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

### Saksopplysningar:

**Saksliste møte i Regionrådet Nordhordland – tysdag 19. september 2017**

**Møte:** 2-2017  
**Tid:** Tysdag 19. september kl. 15:00 - 20:00  
**Stad:** Alver hotel

- Sak 13/17 Godkjenning, møteinnkalling og saksliste
- Sak 14/17 Godkjenning protokoll møte 1-2017
- Sak 15/17 Nordhordland Revisjon og framtida. Lovisa Midtbø / Reidar Bjørsvik (kl. 15:10)
- Sak 16/17 Ubåten på Fedje. UNITECH ved Bernt Hellesøe, Jan Jæger og Gunnar Vetlejord. (kl. 15:30)
- Sak 17/17 Biosfæreprosjektet og prosess med søknad. Rune Heradstveit / Kari E. Natland
- Sak 18/17 Interkommunal plan for sjøareal - prosess. Rune Heradstveit / Bent Gunnar Næss
- Sak 19/17 Prosjektet Nordhordland brann og redning. Rapport «Etablering av ein felles regional brann- og redningsteneste i Nordhordland». Karl Johannes Romarheim (kl. 18:00)
- Sak 20/17 Brannsamarbeid i Bergensregionen. Innleiing ved Ørjan Raknes Forthun
- Sak 21/17 Ny føresegn om vannscooterkøyring. Korleis stiller kommunane seg til denne. Innleiing ved Martin Kulild. Diskusjon
- Sak 22/17 Elektronisk utstyr i skulen – nasjonale retningsliner? Per Lerøy
- Sak 23/17 Arbeidet med framtidig linestruktur ved dei vidaregåande skulane i Nordhordland. Per Lerøy
- Sak 24/17 Status frå utvala. Utvalsleiarar
- Sak 25/17 Meldingar og eventuelt

Knarvik, 12. september 2017



Karstein Totland  
Leiar  
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit  
Dagleg leiar  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

- Sak 14/17 Protokoll møte 1-2017  
Sak 19/17 Rapport «Etablering av ein felles regional brann- og redningsteneste i Nordhordland»

Idrettslaget Bjørn West  
Arthur Sjursen  
Leder i svømmegruppen

Masfjorden Kommune  
Ordfører Karstein Totland  
Rådmann Svein Helge Hofslundsengen

Matre 27. juni 2017

### **SAK: TERAPIBADING VED SVØMMRBASSENGET I MATRE**

Svømmebassenget i Matre var stengt noen uker i vår da temperaturen sank betraktelig og det ble oppdaget feil på en del av installasjonene ved bassenget.

Etter at bassenget ble satt i drift igjen kom temperaturen aldri opp på de 32 gradene som har vært vanlig de senere år, nettopp for å kunne ta imot badende med behov for denne temperaturen.

De personene som har hatt behov for den høye temperaturen, har hatt stort utbytte av denne badingen, mange av disse personene hadde aldri i sitt liv hatt dette tilbudet. Tilbakemeldingene vi fikk på livrednings kursene fra personalet som er følge, er at de har stort utbytte av denne badingen og at det bedrer deres livskvalitet betraktelig.

Masfjorden Kommune har all grunn til å være stolt av tiltaket som helt sikkert har gitt mange stjerner til kommunen sin velferdspolitik.

Vi håper terapibadingen kan fortsette når bassenget åpner igjen til høsten, at kommunen setter alt inn på å få dette tiltaket i gang igjen, til stor glede og nytte for de personene som har så stort behov for å kunne få bevege seg fritt i oppvarmet vann.

Ber om at Masfjorden Kommune setter i verk nødvendige tiltak for å få dette til, da dette velferdstilbudet ikke kan måles i penger, men i trivsel for de av våre innbyggere som har så stort behov for denne terapien, tiltaket gir også mulighet for livsutfoldelse som ikke kan oppnås på annen måte.

Med vennlig hilsen  
Idrettslaget Bjørn West  
Svømmegruppen

Arthur Sjursen  
Leder

Ståle Daae  
Leder IL Bjørn West

---

**Fra:** Post Masfjorden kommune  
**Sendt:** 27. juni 2017 15:16  
**Til:** Karstein Totland; Svein Helge Hofslundsengen  
**Kopi:** Liv Oda Dale  
**Emne:** VS: Terapibading i Masfjorden Kommune  
**Vedlegg:** Terapibading brev fra ILBW til Masfjorden Kommune.docx



**MASFJORDEN KOMMUNE**

**Austfjordvegen 2724**

5981 Masfjordnes

Tlf: 56 16 62 00

[post@masfjorden.kommune.no](mailto:post@masfjorden.kommune.no)

[www.masfjorden.kommune.no](http://www.masfjorden.kommune.no)

---

**Fra:** Sjursen Arthur Reidar [<mailto:ArthurReidar.Sjursen@bkk.no>]  
**Sendt:** 27. juni 2017 14:08  
**Til:** Post Masfjorden kommune  
**Kopi:** Ståle Daae; Daae Ståle; Ståle Daae ([staale.daae@gmail.com](mailto:staale.daae@gmail.com))  
**Emne:** Terapibading i Masfjorden Kommune

Hei Masfjorden Kommune

Ber om at dette brevet blir satt på Kommunen sin postliste og at det blir fordelt til ordfører, rådmann og teknisk.

Med vennlig hilsen  
IL Bjørn West

Arthur sjursen

This e-mail and any attachments may contain confidential and privileged information. If you are not the intended recipient, please notify the sender immediately by return e-mail, delete this e-mail and destroy any copies. Any dissemination or use of this information by a person other than the intended recipient is unauthorized and may be illegal.

**Sak: 18/2017: Interkommunal plan for sjøareala i Region Nordhordland****Bakgrunn:**

Sjøareala har stor interesse for mange. Dei er viktige for friluft, samferdsel, fiskeri og havbruk. Sjøareala har dessutan ingen private eigarar, det er kommunane som er eigar og forvaltar desse areala. Det gjer at mange har stor interesse for korleis desse areala vert forvalta og allmennheten sine interesser må takast i vare. Det er grunn til å tru at presset på sjøareala vil bli større framover. Det er difor stort behov for å kunne sjå sjøareala i Nordhordland i samanheng. Kommunegrensene for sjøareala er ofte lite naturleg for å kunne gjere gode vurderingar og prioriteringar av dei ulike interessene, det er behov for å sjå på sjøareala på tvers av kommunegrensene.

For å sikre ei heilskapleg og berekraftig forvaltning av sjøareala i Nordhordland er det behov for å sjå på korleis det kan gjerast samla for regionen. Plan og bygningsloven er kommunane sitt verktøy i eit slikt arbeid.

Dette prosjektet har fått støtte frå skjønnsmidlar frå Fylkesmannen og Fylkeskommunen har også signalisert at dei ser det som viktig at dette arbeidet vert gjennomført. Ved at kommunane sjølv tek initiativ og gjer vedtak om dette kan ein sikre lokal styring og forankring.

Nordhordland Næringslag har fokus på akvakultur og ønskjer å starte eit større prosjekt. Det vil da vere svært viktig for regionen å få ein interkommunal plan for sjøareala slik at denne satsinga kan skje innafor ein berekraftig bruk av areala.

**Forankring – Plan- og bygningsloven:**

Prosjektet vert forankra i Plan- og bygningsloven (PBL) § 9-1 om interkommunalt samarbeid. Det stiller krav om at plansamarbeidet vert leia av eit styre der kommunane er representert.

Kravet til prosessen og metode vil vere dei same som kommunal planlegging elles, PBL kapittel 11.

**Kvar einskild kommunestyre må gjera juridisk bindande vedtak for sine område.**

Det er tydelege føringar frå nasjonalt og regionalt om at det er sterkt ønskeleg med interkommunalt plansamarbeid når det er hensiktsmessig å samordne planlegginga på tvers av kommunegrensene.

**Formål:**

Den interkommunale planen for sjøområda skal legge til rette for at sjøområda vert forvalta slik at dei ulike interessene vert ivareteke best mogeleg og at ein legg til rette for ein verdiskaping i sjøområda. Den interkommunale planen skal avklare den framtidige arealbruken samstundes som ein minimerer eventuelle konflikter i ettertid. Denne samordninga skal skje innafor ramma av berekraftig bruk av areala, både miljømessig, økonomisk og sosial forstand.

**Prosjekt mål:**

- Laga ein felles kommunedelplan (PBL § 11) for sjøområda i Nordhordland vedteke av kommunane med planskildring, plankart, føresegn og naudsynte utgreingar.
- Foreta interesseavklaring med omsyn til arealbruk.





## DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Dykkar ref  
2017/4964-1

Vår ref  
17/2656-12

Dato  
7. september 2017

### Overslag på ferjeavløysingsmidlar i samband med førehandsavklaring

Vi viser til brevet dykkar av 8. juni 2017 med førespurnad om avklaring av om fire ferjeavløysingsprosjekt i Hordaland kan komme inn under ferjeavløysingsordninga. De ber samstundes om eit overslag på storleiken på årlege ferjeavløysingsmidlar for prosjekta. Dei fire aktuelle prosjekta er:

- Masfjordbrua (ferjesambandet Masfjordnes–Duesund)
- Fjellbergsambandet (ferjesambandet Fjelberg–Sydnes–Utbjoa)
- Lerøy–Bjelkarøy (ferjesambandet Klokkarvik–Hjellestad)
- Nordhuglo–Hodnanes (ferjesambandet Jektevik–Hodnanes–Nordhuglo)

Samferdselsdepartementet har i brev av 26. juni 2017 stadfesta at dei nemnte ferjesambanda vil kunne komme inn under ferjeavløysingsordninga, jf. punkt 4.1 i retningslinjene for ordninga. Samferdselsdepartementet presiserer i brevet at ein føresetnad for å kunne komme inn under ordninga under inntektssystemet for 2017, er at det aktuelle sambandet blir heilt avløyst av eit fylkeskommunalt vegprosjekt.

I brevet ber de Kommunal- og moderniseringsdepartementet om å rekne ut eit overslag på ferjeavløysingsmidlar for Masfjordbrua. For dei tre andre sambanda manglar det førebels informasjon om det nye vegnettet, slik at det ikkje er mogleg å trekkje frå den auka kompensasjonen for drifts- og vedlikehald på vegnettet. I staden ber de om eit overslag på årlege brutto ferjeavløysingsmidlar for desse prosjekta, altså før auka tilskot gjennom vegnøkkelen er trekt frå.

Masfjordbrua kan utløyse om lag 18,3 mill. kroner i årlege ferjeavløysingsmidlar med dagens kostnadsnøkkel. Bruttobeløpet eit ferjesamband utløyser gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet med dagens nøkkel er om lag 21,1 mill. kroner i 2017. Brutto

Postadresse  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo  
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse  
Akersg. 59  
www.kmd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org no.  
972 417 858

Avdeling  
Kommunalavdelinga

Saksbehandlar  
Lars Tore Rydland  
22 24 68 80

ferjeavløysingsmidlar for dei tre andre prosjekta blir dermed også 21,1 mill. kroner med dagens nøkkel.

Vi presiserer at dette berre er eit førebels overslag i samband med førehandsavklaringa av om prosjekta kjem inn under ordninga. Det faktiske beløpet med årlege ferjeavløysingsmidlar og lengda på utbetalingsperioden vil bli rekna ut når fylkeskommunen har sendt endeleg søknad, og når Samferdselsdepartementet har behandla saka endeleg. Eventuelle endringar i vegprosjektet, inntektssystemet og/eller kriteriedata kan ha konsekvensar for utrekninga av ferjeavløysingsmidlane. Den endelege utrekninga kan derfor gje eit anna resultat.

Vi gjer samtidig merksam på at kommunal- og forvaltningskomiteen har lagt til grunn at søknader som kjem inn til departementet i 2017, og som tilfredsstillar krava til ein fullstendig søknad etter retningslinjene for ferjeavløysingsordninga, blir behandla ut frå nivået på nøkkelen slik den er i 2017 (jf. Innst. 422 S (2016–2017)). Endelege søknader som kjem inn etter 1. januar 2018, vil bli behandla ut frå ny nøkkel. Krava til ein endeleg søknad går fram av brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet av 13. juni 2017. Samferdselsdepartementet har i brev av 23. august 2017 stadfesta at kravet om godkjent reguleringsplan før ein endeleg søknad kan sendast, ligg fast.

Vi vil også minne om at fylkeskommunen i sum ikkje skal få meir i kompensasjon enn byggjekostnadene for vegprosjektet (jf. punkt 5.4 i retningslinjene). Renteutgifter til eventuelle lån for å finansiere prosjektet blir ikkje dekte av ordninga. Dette inneber at samla utbetaling i nominelle kroner ikkje skal overstige dei nominelle byggjekostnadene. Meirverdiavgiftskompensasjonen blir trekt frå byggjekostnadene ved fastsetjing av berekningsgrunnlaget.

### **Utrekning av overslag på ferjeavløysingsmidlar for Masfjordbrua**

Det årlege beløpet med ferjeavløysingsmidlar blir rekna ut på bakgrunn av tap innanfor inntektssystemet når eit ferjesamband blir avløyst av eit vegprosjekt. Tapet blir rekna ut ved å sjå på effekten av å endre kriteriedata i utgiftsutjamninga i inntektssystemet (jf. punkt 5.1 i retningslinjene). Beløpet blir justert for endringar i drifts- og vedlikehaldsbehovet til fylkesveg i utgiftsutjamninga, sidan ei bru eller ein tunnel fører til ein auke i kompensasjonen gjennom vegnøkkelen i inntektssystemet (jf. punkt 5.2).

#### *Utrekning med dagens nøkkel*

I inntektssystemet for 2017 er kriteriet for ferjedrift "tal på ferjesamband", mens vegnøkkelen er sett saman av kriteria "fylkesvegfaktor drift og vedlikehald", "veglengde" og "tal på innbyggjarar". Fylkesvegfactoren er berekna med utgangspunkt i fylkesveglengda og tal for årlege kostnader til drift og vedlikehald av vegnettet. Dei årlege vedlikehaldskostnadene blir berekna med verktøyet MOTIV, som er Statens vegvesens modell for å rekne ut vedlikehaldsbehovet på vegnettet.

I inntektssystemet for 2017 vil Masfjordbrua gje ein reduksjon på eitt ferjesamband (Duesund–Masfjordnes) i kriteriedata. Samtidig vil vegprosjektet auke veglengda med om lag

1,2 km og drifts- og vedlikehaldsbehovet på vegnettet vil auke med om lag 3,2 mill. kroner (jf. brev frå Statens vegvesen med MOTIV-tal for Masfjordbrua).

Det berekna vedlikehaldsbehovet på vegnettet er ikkje det same som beløpet vegnøkkelen utløyser i utgiftsutjamninga. Det berekna vedlikehaldsbehovet er ein del av utrekninga av fylkesvegfactoren, og kor mykje fylkesvegfactoren utløyser i utgiftsutjamninga er avhengig av mellom anna det berekna vedlikehaldsbehovet på landsbasis, sektorvektene i kostnadsnøkkelen og samla utgiftsbehov som blir fordelt om etter samla kostnadsnøkkel det aktuelle året. I utrekninga av ferjeavløysingsmidlar blir det korrigert for beløpet som vegnøkkelen utløyser gjennom utgiftsutjamninga, og ikkje Statens vegvesens tal for berekna vedlikehaldsbehov.

Tabell 1 under viser utrekninga av endringa i fylkesvegfactoren som følgje av Masfjordbrua (sjå Grønt hefte 2017 (s. 63) for nærare informasjon om utrekning av faktoren).

*Tabell 1 Utrekning av endring i fylkesvegfaktor for Hordaland fylkeskommune*

	Vedlikehalds- behov	Veg- lengde	Vedlikehalds- behov per km	Vedlikehalds- faktor <sup>1</sup>	Fylkesveg- faktor
	1000 kr	Km			Faktor * km veg
Grønt hefte 2017	795 892	3 164,0	251,5	1,990	6 296
Inkl. ny veg	799 056	3 165,2	252,5	1,997	6 321
Endring	3 164	1,2	1	0,007	25

<sup>1</sup> Vedlikehaldsfaktoren er sett relativt til fylkeskommunen med lågast vedlikehaldsbehov per km, som i 2017 er Hedmark. Når Hordaland har ein faktor på 1,99, betyr det at fylkesvegane i Hordaland i snitt har eit vedlikehaldsbehov som er 99 pst. høgare enn i fylket med lågast vedlikehaldsbehov per km veg.

Endringane i kriteriedata som følgje av Masfjordbrua og effekten det har i utgiftsutjamninga i inntektssystemet for 2017 er vist i tabell 2 under:

*Tabell 2 Effekt i inntektssystemet 2017 av endringar i kriteriedata pga. Masfjordbrua*

Kriterium	Endring i kriteriedata	Effekt i utgiftsutjamninga (1000 kr)
Tal på ferjesamband	-1	-21 123
Veglengde (km)	1,2	28
Fylkesvegfaktor	25	2 817
Nettoendring i utgiftsutjamninga		-18 278

I inntektssystemet for 2017 utløyser eit ferjesamband 21,123 mill. kroner gjennom utgiftsutjamninga, og nedlegginga av ferjesambandet Duesund–Masfjordnes vil dermed gje eit tilsvarende tap i inntektssystemet for Hordaland fylkeskommune. Samtidig vil auken i vedlikehaldsbehovet og veglengda knytt til Masfjordbrua utløyse til saman 2,845 mill. kroner. Hordaland vil dermed ha eit nettotap i utgiftsutjamninga på 18,278 mill. kroner, og kan få eit tilsvarende beløp i årlege ferjeavløysingsmidlar.

### *Konsekvensar av departementets forslag til ny nøkkel*

I kostnadsnøkkelen for båt og ferje for 2018 er hovudkriteriet for ferje "normerte ferjekostnader". Sambandet Masfjordnes–Duesund er eit kort samband med relativt liten trafikk, og sambandet har derfor ei relativt låg vekt i det nye ferjekriteriet. Ferjesambandet vil derfor utløyse eit lågare beløp i utgiftsutjamninga med den nye nøkkelen samanlikna med dagens nøkkel. Det er per i dag ikkje mogleg å rekne ut endeleg kva Masfjordbrua vil utløyse med ny nøkkel i inntektssystemet for 2018.

### **Vidare prosess**

Samferdselsdepartementets brev av 26. juni gjaldt førehandsavklaring av prosjektet, og utrekninga av ferjeavløysingsmidlar i dette brevet er eit førebels overslag i samband med førehandsavklaringa. Det faktiske beløpet med årlege ferjeavløysingsmidlar og lengda på utbetalingsperioden vil bli berekna etter at fylkeskommunen har sendt den endelege søknaden (jf. punkt 4.3 til 4.5 i retningslinjene) og når Samferdselsdepartementet har behandla saka endeleg (jf. punkt 4.6 i retningslinjene).

Med helsing

Grete Lilleschulstad (e.f.)  
underdirektør

Lars Tore Rydland  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar*

Kopi

Samferdselsdepartementet

### Effekt mål:

- Meir berekraftig verdiskaping i det sjøbaserte næringslivet
- Auka kunnskap om konsekvensane av ulike type sjøbasert arealbruk
- Auka kunnskap om dei ulike interessentane (planer om) sin bruk av sjøområda i regionen
- Sikre god sameksistens mellom havbruk, fiskeri og miljø- og friluftsiinteressene
- Enklare og meir forutsigbar kommunal sakshandsaming


### Organisering:

PBL § 9-2 seier at planarbeidet skal leiast av eit styre med likt tal representantar frå kvar kommune. Det vil vere tenleg å nytte Regionrådet som styre. Dei tek alle politiske vegval.

For å sikre at prosjektet har ein god administrativ forankring bør rådmannsgruppa vere styringsgruppe for prosjektet. Styringsgruppa rapporterer til styret. Prosjektleiari rapporterer sitt arbeid til styringsgruppa.

Der må opprettast ei arbeidsgruppe for prosjektet som består av ein representant frå kvar kommune. Det må vere ein person med planfaglege kompetanse.

Administrative ressursar til prosjektet vil vere hos Nordhordland Utviklingsselskap. Prosjektleiari vil vere Bent Gunnar Næss og Jostein Klette vil vere prosjektmedarbeidar. Jostein Klette er tilsett i Osterøy kommune og har god planfagleg kompetanse og de problemstillingane som gjeld for sjøareal. I tillegg kan det vere aktuelt å kjøpe inn eksterne rapportar/utgreingar der det er naudsynt.




### Prosess - framdriftsplan:

PBL set krav til korleis prosessen skal vere når det skal utarbeidast ein kommunedelplan for sjøareala- kapittel 11. Dei krava vil også gjelde i arbeidet med ein interkommunal plan – kapittel 9 i PBL.

Det er eit absolutt krav om at kommunen (kommunestyret) må sjølv vedta den endelege planen, men kommunestyret kan (§ 9-3) overføre mynde til styret (Regionrådet) til å treffe vedtak om planprosessen som etter loven er lagt til kommunen. Kor stor del som skal delegerast til styret må

vegast opp i mot kor viktig det er med at planen er godt forankra (eigarskap) i det einsskille kommunestyret.

Hausten 2019 er det kommunestyreval og fram til da skal det også jobbast med kommunesamanslåing – Alver kommune. Vedtak om å starte arbeidet med den interkommunale planen vil skje i denne kommunestyreperioden og vil bli vedtatt i den neste. Når dei nye kommunestyra er valt vil det vere naturleg å ta ein gjennomgang av prosjektet og sjå på tidsplanen på nytt. Våren 2020 vil bli nytta til å oppdatere det nye kommunestyret om arbeidet som er gjort. I utgangspunktet ser ein for seg at planen kan vedtakast hausten 2020 – legge den ut på første gongs høyring, men dette må det sjåast på når ein får signala frå dei nye kommunestyra og det nye styret i prosjektet.



### Prosess - ressursar:

Når ein skal lage ein interkommunal plan for sjøareala så må ein nytte ut dei stordriftsfordelane som er med å gjere dette arbeidet i lag. Det som er rasjonelt å gjere felles vert utført av prosjektleiari. Dokumentproduksjonen vil skje sentralt i prosjektet – prosjektleiari, prosjektmedarbeidar og eventuelle eksterne rapportar.

Det etablerast ei **arbeidsgruppe** med ein representant frå kvar kommune med planfagleg kompetanse. Det er fire hovudoppgåver til denne gruppa:

- Gi faglege innspel til prosessen og kvalitetssikre denne
- Fremskaffe data som er lokalt i kommunen og som vil ha verdi for prosjektet og kvalitetssikre data
- Informasjon og kontakt i eigen kommune
- Dei lokale prosessane – lokal medverknad

Antatt ressursbruk vil vere 1 dag + for og etterarbeid i månaden, dvs antatt 16 t pr mnd i snitt. Det vil bli laga ein møteplan for arbeidsgruppa.

Under er det ein tabell som viser nokre av dei oppgåvene som skal utførast og arbeidsdelinga mellom NUI/prosjektleiari og kommunane/arbeidsgruppa.

Oppgåver	NUI	Kommunane
Prosjektadministrasjon – framdriftsplan osv	X	
«Skriving» - dokumentproduksjon	X	
Kart	X	
Medvirkning - kontakt regionalt – offentlege, næring, almenne interesser	X	
Medvirkning – lokalt – lokale lag, næring osv	(X)	X
Fremskaffe felles data/ rapporter	X	
Fremskaffe lokale data i den grad det ikkje er sentralt og det er behov for dei. Lokal kunnskap som ikkje er tilgjengeleg sentralt		X
Kvalitetssikring data	X	X
Informasjon/forankring - i eigen kommune		X
Høyringsprosess	X	

Kartgrunnlaget vil vere eit viktig dokumentasjonsgrunnlag for å sjå korleis sjøareale vert nytta i dag. Det vil også på ein god måte få fram kva interesser som er knytt til dei ulike areala. Det vil vere meir rasjonelt å lage dei for heile Nordhordland enn om kvar kommune skal produsere dei. Det vil også vere viktig å samordne utgreiingar/dokumentproduksjon med eventuelle andre prosessar i kommunane slik at dette også kan nyttast der. Det kan bli aktuelt å kjøpe inn noko utgreiingar/kartlegging hos eksterne konsulentar. Det er viktig at ein får kartlagt dette behovet så tideleg som mogeleg.

#### **Vedtaksmynde:**

Det er kommunestyret i den einskilde kommune som treffer endeleg vedtak for sine område. Kommunestyret kan delegerer mynde til Styret (§ 9-3) å treffe vedtak om planprosessen. Det kan vere tenleg for å få til ein rask og smidig prosess. Samstundes er det viktig å ha ein god forankring i kommunestyra. Det vert difor tilrådd at vedtaka som gjeld den formelle planprosessen skjer i kommunestyra, men at styret får delegert mynde til å vedta planprogrammet endeleg dersom det bare er mindre endringar i høve til det som var sendt på høyring.

**I og med at det er kommunestyret i den einskilde kommune som treffer endeleg vedtak for sine område er det ikkje snakk om å gi frå seg mynde for sine areal til andre kommunar.**

#### **Avgrensing for sjøområdeplanen:**

Planen skal gjelde for dei 9 kommunane.

Planen gjeld bare for sjøområda. Det vil sei frå flomålet/sjøgrensa i elveosar og ned til sjøbotn. Planområdet er avgrensa mot land i kystkonturen, basert på kote null av 1954 i kartverket (middelvannstand). Avgrensing mot havet ved 1 nautisk mil utanfor grunnlinja. (Det opne sjøarealet).

Sjølv om planen bare skal gjelde for sjøområda så vil bruken på de tilgrensande landarealet gi føringar for kva sjøarealet kan nyttast til. Det gjeld til dømes – friluftareal, bustadområde, hytteområde, kaier osb.

### Konsekvensutgreiing:

Der det vert gjort forslag om endringar i arealbruken må det gjerast konsekvensutgreiingar. Det vert laga ein mal for korleis konsekvensutgreiinga skal gjennomførast og kva krav som vert stilt til den. Ved å gjere det samla for regionen så vert det meir lik vurdering. Dei må bygge på tilgjengelege fakta og det må vurderast om det er naudsynt med eigne undersøkingar.

### Tek utgangspunkt i dagens situasjon:

Det skal lagast ein plan for framtida, men samstundes vil ein ta utgangspunkt i dagens situasjon. Ein ønskjer å få til ein best mogeleg arealplan for sjøområda for framtida, men samstundes må ein ta utgangspunkt i det som ein har i dag.

### Økonomi

Prosjektet har fått 1,1 mill. kr i skjønnsmidlar frå Fylkesmannen. I budsjettet under er det satt opp 1,8 mill. kr i totale kostnader. Det vil bli forsøkt å søke om prosjektstøtte frå andre kjelder, men førebels er det satt opp 0,7 mill. kr i bidrag frå kommunane. I tillegg kjem kommunane sin eigeninnsats i prosjektet.

	2017	2018	2019	2020	SUM
Prosjektleiar	50 000	250 000	250 000	50 000	600 000
Prosjektmedarbeidar	50 000	250 000	250 000	50 000	600 000
Eksterne utgreiingar og rapportar		200 000	100 000		300 000
Tilrettelegging, høyringar, konferansar, samlingar	50 000	100 000	100 000	50 000	300 000
<b>Utgifter</b>	<b>150 000</b>	<b>800 000</b>	<b>700 000</b>	<b>150 000</b>	<b>1 800 000</b>
<b>Finansiering</b>	2017	2018	2019	2020	SUM
Skjønnsmidlar frå fylkesmannen	150 000	400 000	400 000	150 000	1 100 000
Kommunane	-	400 000	300 000	-	700 000
<b>Inntekter</b>	<b>150 000</b>	<b>800 000</b>	<b>700 000</b>	<b>150 000</b>	<b>1 800 000</b>





## Notat om Akvakultur

Det er store planer om vekst i akvakulturnæringa. Sidan 2012 har produksjonen vore om lag uendra, om lag 1,3 mrd. tonn pr år. På grunn av høge prisar så har verdien meir enn dobla seg i same tidsrommet til 10,5 mrd. kr. Det er difor eit stort press frå næringa og myndigheiter om at næringa må få rom for å auke sin produksjon. Grunnen til at veksten har uteblitt er mellom anna problem med sjukdom, lus, rømming, men også for lite areal.

For å kunne få fram dei areala som er best egna til oppdrett så er det behov for å sjå på areala i samanheng på tvers av kommunegrensene.

Hordaland er det nest største oppdrettsfylket (Nordland er størst) med om lag 16 % av den totale produksjonen. Frå 2006 og fram til 2012 var der ein stor auke i produksjonen.

Akvakulturnæringa har gått frå å vere ei næring som i stor grad var lokal eigd til å bli eigd av nokon få og store aktørar. Næringa har også blitt svært rasjonell slik at den direkte sysselsettinga er ikkje like klar. Det gjer at det er vanskelegare å sjå den direkte nytten lokalt ved å ha eit oppdrettsanlegg.



Næringa sine lokalitetar har flytta seg frå innerst inne i fjordan til lengre ut på kysten med sterkare strøm og betre utskifting av vannmassane.

Lokaliteter i framtida for næringa kan også endre seg. Slika at areal som i dag reknast som lite egna kan bli attraktive i framtida på grunn av ny teknologi.

- Utvikling av anlegg som blir nytta til havs (rigg/produksjonsskip)
- Lukka anlegg
- Landbaserte anlegg

Dette kan gjere at arealbehova kan endre seg relativt raskt, noko som gir ekstra utfordring til kommunane med omsyn til revideringsbehov. I den grad det er mogeleg bør også planen prøve å ta innover seg at endring i teknologi kan gi endring i kva areal som er egna.